



ULSTEIN KOMMUNE



Overordna Beredskapsplan

Organisasjon og utvikling, sist revidert
05.12.2025

Vedteken i Ulstein kommunestyre 23.04.2015

www.ulstein.kommune.no

Innhold

1 Målsetting	3
1.1 Lovheimel for beredskapsarbeidet.....	3
1.2 Oppdatering av beredskapsplanen	3
2 Hovudprinsipp – kommunerolle	3
3 Ansvarsfordeling for beredskapsarbeidet	4
4 Beredskapsrådet.....	6
5 Årshjul	7
5.1 Årshjul -rutinar.....	7
6 oversikt over beredskapsplanar i kommunen.....	8
7 RAYVN – Beredskaps- og krisestøtteverktøy.....	9
8 Øvingar og evaluering	9
8.1 Øvingar.....	9
8.2 Opplæring av tilsette.....	10
8.3 RAYVN – kursing og øvingar	10
8.4 Evaluering.....	10
9 Befolkningsvarsling	10
10 ROS-analysar	12
11 Ajourhald	12
12 Distribusjon av beredskapsplanverket.....	12
13 Øvrige vedlegg – Samsvar.....	12

1 Målsetting

Ulstein skal vere ei trygg kommune å bu i. Kommunen skal førebygge kriser og uønskte hendingar gjennom å ta beredskapsmessige omsyn ved kommunal planlegging, utbygging og drift. Når uønskte hendingar likevel oppstår, skal kommunen vere i stand til å takle dei på ein god måte.

Beredskapsplanen skal sikre at beredskapsarbeidet vert gjennomført på ein slik måte at det oppfyller krava i lov og forskrift.

Vidare skal den sikre ei god implementering av beredskapsarbeidet i organisasjonen, godt samarbeid med andre offentlege og private aktørar, samt tilfredsstillande trening av personell som har roller i beredskapsarbeidet.

Den overordna beredskapsplanen er saman med resten av beredskapsdokumentasjonen tilgjengeleg i kommunen sitt kvalitetssikringssystem «Samsvar» under «krise og beredskap» som ein finn under «sektorovergripande prosessar».

1.1 Lovheimel for beredskapsarbeidet

- Sivilbeskyttelseslova av 25. juni 2010
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt av 22. august 2011

1.2 Oppdatering av beredskapsplanen

Det er eit krav i forskrift om at overordna beredskapsplan skal utarbeidast med utgangspunkt i heilskapleg ROS. Ulstein kommune sin overordna beredskapsplan var sist oppdatert 9.9.2020. Ny heilskapleg ROS analyse for Ulstein kommune, vedteke 25.3.2021 og overordna beredskapsplan er no (16.11.23) oppdatert med bakgrunn i gjeldande heilskapleg ROS.

2 Hovudprinsipp – kommunerolle

Samfunnssikkerheit handlar om eit samfunn si evne til å ta vare på liv og helse, og dekke grunnleggjande behov for innbyggjarane, samt oppretthalde viktige funksjonar under ulike påkjenningar. God samfunnssikkerheit føreset førebygging av uønskte hendingar, og beredskap som reduserer skadeverknadane når noko likevel går gale.

Kommunane er ein viktig del av den totale samfunnsberedskapen. Dette hovudprinsippet

Alt beredskapsarbeid skal kvile på fire hovudprinsipp:

1. Ansvarsprinsippet:

Den sektoren/eininga/leiaren som har ansvaret i det daglege, har også ansvar for ROS analyser, skadeførebygging og beredskapstiltak.

2. Likskapsprinsippet:

Organisasjonen som skal handtere ei krise eller ulykkeshending, bør vere mest mogleg lik den organisasjonsstrukturen som ein har ved normal drift.

3. Nærleiksprinsippet:

Kriser bør handterast på lågast moglege myndighetsnivå

4. Samvirkeprinsippet:

Myndighet, verksemd eller eining har eit sjølvstendig ansvar for å sikre best mogleg samvirke med relevante aktørar i arbeidet med førebygging, beredskap og krisehandtering.

Ein beredskapsplan blir definert som «førebudde handlingar for å møte ulykker og andre uønskte hendingar ut over det som blir rekna som normalrisiko og normalpåkjenning».

Ulstein kommune har ansvar for å foreta ROS-analysar og innarbeide god krisehandteringsevne i samfunnsplanlegginga:

1. Sette mål og forplikte organisasjonen gjennom vedtak i styrande organ.
2. Utvikle kartlegging og krisehandteringsevne gjennom relevante Undersøkingar/planar/opplæring/godt utstyr og øvingar i einingane og i den administrative organisasjonen.
3. Utarbeide beredskapsplanar for situasjonar der den ordinære organisasjonen ikkje er tilstrekkeleg.
4. Evaluere og utvikle arbeidet gjennom faste rutinar for ajourhald og revisjon.

3 Ansvarsfordeling for beredskapsarbeidet

Kommunestyret vedtek overordna mål og retningslinjer for alt kommunalt arbeid som har med samfunnssikkerheit, krise og beredskap å gjere.

Kriseleiinga i Ulstein kommune er kommunen sitt operative styringsorgan for å handtere samfunnsmessige alvorlege og uforutsette hendingar som større ulykker, skred, sterk vind, flaum, flodbølgjer m.m.

Kriseleiinga er samansett av:

- Ordførar
- Varaordførar
- Kommunedirektør
- Kommunalsjef for organisasjon og utvikling

- Kommunalsjef for teknisk
- Kommunalsjef for oppvekst og kultur
- Kommunalsjef for helse og omsorg
- Kommuneoverlege
- Beredskapskoordinator
- Leiar for servicetorg og dokumentsenter
- Fagansvarleg digitalisering
- Fagansvarleg kommunikasjon
- Representant for SSIKT
- Politistasjonssjef for Ulstein

Kriseleiinga kan nytte inntil kr 1 mill utan særskilt løyving i budsjettet til rednings- og skadereduserande tiltak i ein akuttsituasjon. Denne fullmakta er gitt ved kommunestyrevedtak den 02.07.1998 sak 98/0065 med heimel i kommunelova § 13.

Det skal utpeikast vararepresentantar til den kommunale kriseleiinga. Oppdatert varaliste skal ligge i Samsvar.

Ordføraren har det overordna ansvaret og er leiar i kriseleiinga. Han er kommunen sitt ansikt utad i ein krisesituasjon. Det kan likevel oppstå situasjonar der einingsleiarar må informere om situasjonen på si eining.

Kommunedirektøren skal følgje opp dei overordna måla for arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap på tenestenivå og er mellom anna ansvarleg for å koordinere aktivitetane i kommuneorganisasjonen.

Kommunedirektøren leier det operative arbeidet med tanke på intern organisasjon, medan ordføraren har ansvar for den eksterne kriseinformasjonen.

Beredskapskoordinatoren er ein fagansvarleg som på vegne av kommunedirektøren og ordføraren følgjer opp og koordinerer arbeidet med hovudberedskapsplanen og det tverrfaglege perspektivet i arbeidet med samfunnssikkerheit, krise og beredskap i Ulstein kommune.

Beredskapskoordinator har følgjande funksjonar:

- Syte for at beredskapsarbeidet blir gjort kjent i organisasjonen

- Ta initiativ til arbeid med identifisering av risiko, gjennomføring av ROS-analysar og etablering av rutinar.
- Følgje opp kvalitetssystemet.
- Bistå kommunedirektøren med planlegging og gjennomføring av øvingar.
- Delta i kriseleiinga.
- Vere oppdatert på beredskapsarbeid.
- Vere kontaktperson mot statsforvaltaren i det praktiske beredskapsarbeidet.

Kvar einskild einingsleiar og fagansvarleg har delegert ansvar og mynde med tanke på særskilde

planar og tiltak innan sine definerte ansvarsområde og er ansvarleg for at:

- Beredskapsplanar knytt til verksemda ajourførast og blir gjort kjent.
- Planverk skal gjennomgåast ein gong i året på personalmøte.
- Einingsleiar skal bidra i ROS-analysearbeid som vedkjem verksemda.


4 Beredskapsrådet

Beredskapsrådet er eit samrådingsorgan som i tillegg til kriseleiinga, har medlemmer frå frivillige organisasjonar, lokale statlege organ og forsvar/sivilforsvar. Beredskapsrådet i Ulstein kommune er sett saman slik:

- Heile kriseleiinga
- Sivilforsvaret
- Heimevernet
- Linja AS (tidlegare Mørenett as)
- Sørøyane Røde kors Hjelpekorps
- NAV
- Mattilsynet
- Avd.leiar landbruk (Herøy er vertskommune)
- Den maritime næringa (Mafoss)
- Omsorgsberedskapsgruppe (Saniteten)

Beredskapsrådet skal vere eit forum for samarbeid og for gjensidig informasjon om dei einskilde gruppene sin beredskapsmessige status. Beredskapsrådet skal møtast minst annakvart år.

5 Årshjul



5.1 Årshjul -rutinar

Januar- Februar

- Oppdatering planverk/kontaktinfo, e-post ut til leiarforum for innhenting av data.
- Gjennomgang av RAYVN med kriseleiling
- Informasjon i leiarforum (ved behov)
- Intern varslingsøving

Mars – April

- Test av satellittelefonar
- Møte i beredskapsrådet (minimum 2.kvart år)

Mai – Juni

- Fagsamling om beredskap – Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Øving – innkalling av kriseleiling

Juli- August

- Test av satellittelefonar

September – Oktober

- Halvdagsøving med kriseleiling

November – Desember

- Test av satellittelefonar
- Øving – innkalling av kriseleiling

Kommunestyret skal kvart 4.år få ein gjennomgang av beredskapsplanverket, som ein del av politkaropplæringa.


Varslingslister og øvrig kontaktinformasjon skal haldast løpande ajour.

6 oversikt over beredskapsplanar i kommunen

Forskrift om kommunal beredskapsplikt - § 4. Beredskapsplan

Kommunen skal være forberedt på å håndtere uønskede hendelser, og skal med utgangspunkt i den helhetlige risiko- og sårbarhetsanalysen utarbeide en overordnet beredskapsplan. Kommunens overordnede beredskapsplan skal samordne og integrere øvrige beredskapsplaner i kommunen. Den skal også være samordnet med andre relevante offentlige og private krise- og beredskapsplaner.

Overordna beredskapsplan er forankra i Ulstein kommune sin planstrategi vedteken 19.06.2014 KST-sak PS 14/60.



7 RAYVN – Beredskaps- og krisestøtteverktøy

RAYVN er eit elektronisk beredskaps- og krisestøtteverktøy som er webbasert. Dette inneber at systemet er tilgjengeleg overalt kvar du kan kome deg til ein internettforbindelse og ein nettlesar. Plattformen opnar for kommunikasjon, samarbeid, tildeling og administrering av oppgåver i sanntid via e-post, SMS eller appvarsling.

Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap (DSB) inngjekk rammeavtale med RAYVN/Proactima for levering av felles beredskaps- og krisestøtteverktøy til bruk for stat og kommunar. Verktøyet skal nyttast for informasjonsdeling i samband med kriser og uønska hendingar, samt system for varsling og mobilisering. Systemet vil vere tilgjengeleg for bruk hausten 2023.

RAYVN/Proactima er eit heilnorsk samarbeid. Proactima blei grunnlagt i Stavanger i 2003 og RAYVN i Bergen 2016. Ein er no i oppstartsfasa i høve implementering av systemet og Statsforvaltarane ved dei respektive beredskapskontor vil mest sannsynleg vere sentrale for implementering og at RAYVN vert teke i bruk i kommunane.

Ulstein kommune vil nytte RAYVN som eit reindyrka krisestøtteverktøy for loggføring, meldingsformidling og rapportering, medan hovudlagringsområdet for beredskapsplanar, ressursoversikter, rutinar og liknande skal tilgjengeleggjerast i kvalitetssystemet Samsvar, då denne er open for alle kommunalt tilsette. Varslingslister skal ajourførast både i RAYVN og i Samsvar.

8 Øvingar og evaluering

8.1 Øvingar

Fullskalaøving med markørar og deltaking av aktuelle aktørar i kommunen

Minst 4. kvart år. Kan med fordel kombinerast med øvingar i regi av statsforvaltaren, brannvesenet, politiet eller helsetenesta. Ein dag må settast av til øving og evaluering. Evalueringa skal dokumenterast. I tillegg kjem tid til førebuing og planlegging.

Øving med kriseleiing og sekretariat

Minst ein gong i året. Ein halv dag må settast av til gjennomføring og evaluering. Evalueringa skal dokumenterast.

Uvarsla øving

Intern varslingsøving – melding til kriseleiing via e-post og SMS etter ajourføring av varslingslister i starten av året. Kvittering av motteke varsel. Uvarsla innkalling av kriseleiing - 2 gonger i året. Innkalling skjer via e-post og SMS. Kriseleiinga skal møte opp på angitt lokale der øvinga vert avslutta. Øvinga skal evaluerast og dokumenterast.

8.2 Opplæring av tilsette

Grunnopplæring / gjennomgang av beredskapsarbeid

- Kriseleiinga
- Omsorgsberedskapsgruppa

Det skal settast av tid til ein grundig gjennomgang kvart 4. år. Beredskapsplanverket skal gjennomgåast årleg etter revidering for å avdekke om nye moment skal med.

Ved nyttilsettingar skal det takast ein gjennomgang innan 6 månader.

Informasjon til leiarar

Det skal orienterast i leiarforum minst ein gong i året etter at beredskapsplanverket er rullert. Leiarane er ansvarleg for å formidle vidare ut i verksemdene.

8.3 RAYVN – kursing og øvingar

Årleg gjennomgang av RAYVN for:

- Kriseleiinga
- Omsorgsberedskapsgruppa

Tilfeldig utsending av melding frå RAYVN der kriseleiing og sekretariat skal respondere med logging i RAYVN.

Opplæring av einskildpersonar ved behov.

8.4 Evaluering

Når ei krise er avslutta skal det snarast mogleg takast ein gjennomgang av krisesituasjonen, samt ei evaluering av kommunen sin kriseinnsats. Det skal utarbeidast ein skriftleg rapport, der ein bl.a. vurderer behov for endring av kommunen sine beredskapsplanar. Rapporten skal lagrast i RAYVN og Samsvar.

Også alle øvingar skal i ettertid evaluerast, med skriftleg rapport som lagrast i RAYVN og Samsvar.

9 Befolkningsvarsling

9.1 Dersom internett og telefon fungerer

Nettside:

Ulstein kommune har som mål at du skal få all relevant informasjon om ei krise som gjeld oss, på nettsidene våre. Informasjon frå sidene kan også verte delt på Facebook, i media og relevante brukarsystem (som skule- og barnehageportalen Vigilo).

Telefon:

Ulstein kommune nyttar varslingssystemet Varsling 24 for å raskt informere innbyggjarane ved uønskte hendingar. Systemet kan sende meldingar via SMS, e-post og telemelding til fasttelefon, og blir i dag brukt ved til dømes vassbrot, vegstenging og liknande driftsmeldingar. Meldinga går også til kontaktpersonar i verksemdar.

Driftsansvar: Teknisk etat, drift- og anleggsavdelinga.

Beredskapskoordinator skal ha opplæring i systemet og kunne sende ut meldingar ein krisesituasjon.

Føresetnader for varsling:

- Innbyggjarar over 16 år blir varsla via SMS og e-post dersom kontaktinformasjonen er oppdatert i Kontaktregisteret.
- Alle einingar i burettslag/sameige blir varsla dersom dei er registrert med rett adresse og kontaktinformasjon.
- Det er innbyggjar sitt ansvar å kontrollere og oppdatere kontaktinformasjonen sin.

Avgrensingar:

- Ved kartbasert utsending blir varsel sendt til registrerte grunneigarar med privat telefonnummer.
- Det finst løysingar som gjev varsling til alle mobiltelefonar i eit geografisk område, men desse krev eit vesentleg dyrare abonnement enn dagens ordning.
- Systemet kan sende varsel til definerte grupper, men dette føreset oppdaterte distribusjonslister.

Nødvarsel på mobil

Nødvarsel er ei teneste frå norske myndigheiter. Nødvarsel kan sendast ut til alle mobiltelefonar innafor avgrensa geografiske områder og skal nyttast ved akutte og alvorlege hendingar med fare for liv og helse. Det er politiet og sivilforsvaret som avgjer kva område som skal varslast og som sender ut sjølve varselet.

9.2 Dersom internett og telefon ikkje fungerer:

Ved eit straumbrot vil fast internett gå ned med ein gong. Mobilnettet har batterikapasitet til å levere telefoni og internett i to til fire timar. Etter dette vil du ikkje kunne nå nettsidene til kommunen eller andre viktige aktørar. Det er då to moglegheiter:

1. Radio

Alle bør ha ein batteridreven DAB-radio som ein del av eigenberedskapen. Radioen bør også ha tilgang til analoge signal (FM) som reserve, i tilfelle DAB-nettet blir utilgjengeleg. Alternativt kan radioen i bilen nyttast. Via NRK vil offentlege aktørar kunne dele viktig informasjon i nyheitssendingar.

2. Fysisk oppmøte

1. Dersom alle andre kanalar er nede, vil opprette informasjonspunkt på rådhuset. Her vil vi henge opp skriftleg informasjon, og ved behov ha personell tilgjengeleg som kan svare på spørsmål.

2. Ved behov vert det plakatoppslag på dei fire barneskulane, ungdomsskulen, Eiksund forsamlingshus og Vonheim på Flø.
3. Ved langvarig bortfall av EKOM-tenester (telefon mv.) vil Ulstein legesenter ha legevakt lokalt heile døgnet.

10 ROS-analysar

Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 2:

Kommunen skal gjennomføre ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse, herunder kartleggje, systematisere og vurdere sannsynet for uønskte hendingar som kan inntreffe i kommunen og korleis desse kan påverke kommunen.

Ved rullering av kommuneplanen sin arealdel i 2019, vart det utført ei ny ROS-analyse heimla i plan-og bygningslova for å sikre samfunnsikkerheit ved kommunen sin arealplanlegging. Denne heilskaplege ROS analysen vart fylgt opp ved utarbeidinga av arealplankartet med tilhøyrande føresegner og blei vedteken av kommunestyret 25.03.2021 i sak PS 32/21.

11 Ajourhald

Kommunen sitt beredskapsplanverk skal til ei kvar tid vere oppdatert, og som eit minimum reviderast ein gong pr. år, jf Forskrift om kommunal beredskapsplikt § 6.

Beredskapskoordinatoren har ansvaret for dette arbeidet. Redaksjonelle endringar (oppdatering av varslingslister, ressursoversikt, endring av namn, roller, tlf nr. etc) gjerast fortløpande av beredskapskoordinator. Strukturelle endringar skal godkjennast av kommunestyret.

12 Distribusjon av beredskapsplanverket

Gjeldande planverk er til ei kvar tid er å finne internt på kommunen sitt kvalitetssikringssystem Samsvar under « Sektorovergripande prosessar/Krise og beredskap».

Fylgjande instansar skal i tillegg ha planen i papirutgåve:

- Kriseleiinga
- Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
- Lensmannen i Ulstein og Hareid
- Beredskapsrådet sine medlemmer

13 Øvrige vedlegg – Samsvar

All dokumentasjon, rutinar og handlingsplanar som er relevant for beredskapsarbeidet i Ulstein kommune, skal til ei kvar tid vere oppdatert og tilgjengeleg i kommunen sitt dokumetbibliotek i sharepoint.